



LINDÅS KOMMUNE

TILSTANDSRAPPORT FOR GRUNNSKULEN I LINDÅS

MELDING OM KVALITET OG TILSTAND 2015 - 2016



DER DRØMMAR BUR RØYNDOM



Tilstandsrapport for grunnskulen 2016

Lovkravet

Det er fastsett i opplæringslova og privatskolelova at skoleeigarar pliktar å utarbeide ein årleg rapport om tilstanden i opplæringa. I St.meld. nr. 31 (2007-2008) går det fram at det er viktig at styringsorgana i kommunar og fylkeskommunar har eit bevisst og kunnskapsbasert forhold til kvaliteten på grunnopplæringa. Dette er nødvendig for å følgje opp utviklinga av sektoren på ein god måte.

Den årlege rapporten skal drøftast av skoleeigaren, dvs. av kommunestyret, fylkestinget og den øvste leiinga ved dei private grunnskolane, jf. opplæringslova § 13-10 andre ledd. Det er fastsett i privatskolelova § 5-2 andre ledd bokstav k at styret skal drøfte den årlege rapporten om tilstanden i desse skolene.

Innhald i tilstandsrapporten

Tilstandsrapporten skal som eit minimum omtale læringsresultat, fråfall og læringsmiljø, men skoleeigaren kan omtale andre resultat og bruke andre data ut frå lokale behov. Når det blir gjerast vurderingar av tilstanden, er det viktig å synleggjere kva for målsetjingar hos skoleeigaren og skolane som danner grunnlag for vurderinga.

Tilstandsrapporten skal innehalde vurderingar knytte til opplæringa av barn, unge og vaksne. Dei data som er tilgjengelege i Skoleporten, innheld ikkje data om vaksne. Skoleeigaren skal derfor bruke andre kjelder for datainnhenting på dette området.

Tidleg innsats er vesentleg for å betre elevane sine ferdigheiter og den faglege utviklinga. Kartlegging av elevane sitt ferdigheitsnivå må følgjast opp med tiltak for dei som har behov for ekstra opplæring frå første stund. Den spesialpedagogiske innsatsen er her sentral.

Kvalitetsvurderingssystemet

Tilstandsrapporten inngår i kvalitetsvurderingssystemet. Kvalitetsvurdering er å samanstille informasjon og data som grunnlag for å drøfte kvaliteten på opplæringa internt på ein skole eller i ein kommune/fylkeskommune, og for å drøfte kvaliteten i større delar av eller i heile utdanningssektoren. Målet er kvalitetsutvikling og læring. Kvalitetsvurderinga er ein prosess der dialogen om kva som er god kvalitet, står sentralt. Det er naturleg at det blir stilt spørsmål ved samanhengen mellom kvaliteten på opplæringa ved den enkelte skolen og mellom skolane og resultata i dialogen med skoleeigaren.

Personvern

Tal som blir lasta direkte inn frå Skoleporten, kan for små einingar innehalde indirekte identifiserbare opplysningar. Dette kan være teiepliktige opplysningar etter forvaltningslova § 13 og/eller personopplysningar etter personopplysningslova § 2 nr. 1. Tilsvarande kan også gjelde for lokale indikatorar. Desse opplysningane må behandlast i tråd med reglane i forvaltningslova og/eller personopplysningslova.

Merk: Denne versjonen av tilstandsrapporten er på nynorsk. Uttrekk av innhald frå Skoleporten, som ikkje finst på begge målformer, kan likevel vere på bokmål.

Innhald

1. Samandrag	3
2. Elevar og undervisningspersonale	4
2.1. Elevantal	4
2.2. Minoritetspråklege elevar	5
2.3. Tilsette	6
3. Læringsmiljø	8
3.1. Elevundersøkinga	8
3.2. Andel elevar som har opplevd mobbing 2-3 gonger i månaden eller oftare	13
4. Læringsresultat	15
4.1. Nasjonale prøver 5. steget	15
4.2. Nasjonale prøver ungdomssteg	19
4.3. Karakterar - matematikk, norsk og engelsk	25
4.4. Grunnskolepoeng	26
4.5. Gjennomføring	27
5. Tidleg innsats	28
5.1. Utvikling siste åra	28
6. Spesialundervisning	29
6.1. Prosent av elevar i grunnskulen i Lindås som får spesialundervisning:	29
7. System for oppfølging (internkontroll)	31
7.1. Kvalitetssystemet i Lindås kommune	31
7.2. Modell for analyse, refleksjon og dialog om kvalitetsutvikling i skulen (KiS):	31
8. Skulane sine satsingsområde	32
9. Vidareutdanning	33
9.1. Utvikling siste åra	33
10. Vaksenopplæring	33
10.1. Grunnskule for vaksne (eksamensretta)	33
10.2. Norskopplæring for vaksne innvandrarar	34
10.3. Elevantal fordelt på kommunar og type opplæring	34
10.4. Norskprøvene	34
10.5. 50-timar samfunnskunnskap på eit språk deltakarane meistarar godt	35
10.6. Realkompetansevurdering	35
11. Konklusjon	35

For å oppdatere innholdsfortegnelsen, markerer du denne setningen - så klikker du F9.

1. Samandrag

Tilstandsrapporten for grunnskulen skal gi skuleeigar eit grunnlag for å drøfte lokale mål og vidare kvalitetsutvikling for grunnskulen i kommunen. Rapporten har tal frå GSI (Grunnskolen informasjonssystem), KOSTRA eller Skoleporten, lokale mål på dei områda der det er formulert, eigenvurdering og tiltak vidare.

Kapittel 2 inneheld fakta om elevtal og undervisningspersonale. Elevtalet i Lindås er relativt stabilt, men talet elevar i private skular og talet minoritetsspråklege elevar i skulane svingar frå år til år, og i løpet av eit år. Mest alle skulane har minoritetsspråklege elevar i klassane, og arbeider for å utvikle og ha god praksis i undervisninga og i forvaltninga av elevane sine rettar. Tala her er frå GSI pr oktober 2015. I Lindås har undervisningspersonalet i skulane god kompetanse, og 97,9% av undervisningstimane er gitt av personale med godkjent utdanning.

Kapittel 3 handlar om elevane sitt læringsmiljø og inneheld resultat frå elevundersøkinga på 7. og 10 trinn. Skulane i Lindås har betra resultata sine for barneskulen på mest alle område og følgjer landsnittet for landet når det gjeld mobbing. På ungdomstrinnet er tala frå Lindås betre enn dei nasjonale når det gjeld mobbing. Satsinga på MOT får god tilbakemelding både på undersøkingar og frå elevar.

Kapittel 4 gjeld læringsresultat som målt på nasjonale prøvar for 5., 8. og 9.trinn, avgangskaraktarar og grunnskulepoeng for 10. trinn, og tal for kor mange av elevane frå 10. som startar på vidaregåande skule. Resultata på nasjonale prøvar varierer frå år til år mellom skulane og også innad på den einskilde skule. Det var framgang i læringsresultata på nasjonale prøvar totalt i kommunen, men dei lokale måla er ikkje nådde endå. I Lindåsskulen er der framleis for få elevar på dei høgaste meistringsnivåa, og for mange på dei lågaste når ein samanliknar med andre. Når det gjeld grunnskulepoeng ser det betre ut. Elevane frå Lindås har i snitt grunnskulepoeng over dei vi kan samanlikna oss med.

Kapittel 5 omhandlar den kommunale og statlege satsinga «Tidleg innsats» som blant anna inneber tettare bemanning for å fange opp, følgje opp og betre ferdigheiter og fagleg utvikling hjå elevane i 1.-4. klasse.

Kapittel 6 inneheld tal for kor stor del av elevane i Lindås som mottek spesialundervisning, og korleis ein planlegg å arbeida for å få ned det talet, som er svært høgt. Oppstart av prosjektet «styrking av den ordinære opplæringa» er presentert med mål under tiltak vidare i dette kapitlet.

Kapittel 7 gjev ei oversikt over kva system Lindås kommune har for oppfølging av skulane

Kapittel 8 gjev oversikt over dei ulike skulane sine satsingsområde ved oppstart av skuleåret 16-17

Kapittel 9 gjev informasjon om vidareutdanning av lærarar dei siste 4 skuleåra. Førtito lærarar i Lindås har tatt vidareutdanning finansiert av staten sine ordningar sidan skuleåret 12/13.

Kapittel 10 er ei framstilling av kva tilbod Lindås vaksenopplæring gjev til innvandrarar og flyktningar i både Lindås kommune og nabokommunane. Vaksenopplæringa var den fjerde største «skulen» i Lindås i 15-16.

Kapittel 11 Konklusjon, er ei oppsummering av kva innsatsområde kommunen og skulane vil arbeide spesielt med inneverande skuleår i åra framover mot 2020. Hovudområda for det pedagogiske arbeidet vil vere godt læringsmiljø og betre læringsutbytte for alle elevar. Gjennomføring av tiltak som beskrivne i handlingsplanen i Kommunedelplan for oppvekst vil bli prioritert.

2. Elevar og undervisningspersonale

2.1. Elevtal

Indikatoren opplyser om talet på elevar og kontaktlærarar som er registrerte ved dei kommunale grunnskolane i GSI per 1. oktober 2015.

Skule	Elevtal	Klassetal	Kontaktlærarar	Elevtal / kontaktl.
Alversund	368	20	21	17,5
Eikanger	82	6	7	11,7
Kløvheim	35	3	4	8,8
Knarvik barneskule	220	14	14	15,7
Leiknes skule	165	8	10	17,3
Lindås barneskule	195	10	13	15
Myking skule	46	4	5	9,2
Ostereidet barneskule	107	7	8	13,4
Seim skule	156	7	11	14,2
Totalt barnetrinn:	1374	79	93	14,7 (snitt)
Knarvik ungdomsskule	327	12	24	13,6
Lindås ungdomsskule	108	6	6	18
Ostereidet ungdomsskule	111	6	6	18,5
Totalt ungdomstrinn:	546	24	36	15,2 (snitt)
Samla:	1920	103	132	15,1 (snitt)
Grunnskuleelevar frå Lindås i Austrheim	34			

Lindåselevar i private grunnskular 2015-16:

Skule	Elevtal
Nordhordland Kristne grunnskole	73
Skodvin Montessori	64
Danielsen ungdomsskule Frekhaug	65
Samla	202

Samla elevtalsutvikling frå 2011 – 2016 i dei kommunale grunnskulane

	2010-11	2011-12	2012-13	2013-14	2014-15	2015-16
Elevtal	1924	1950	1981	1954	1946	1920

Eigenvurdering

Talet på barn i skulepliktig alder i Lindås kommune auka, men talet elevar i den offentlege skulen gjekk ned med 26 elevar og 2 klassar frå 2014-15 til 2015-16. Dei private skulane i Lindås auka talet elevar med 79 i det første driftsåret til Skodvin Montessori.

Elevane frå Leiknes skule som søkte Knarvik ungdomsskule som nærskule, fekk plass, sidan det var ledig kapasitet der. Det vert mindre ledig kapasitet der i åra framover, viser prognosane.

Elevtalet auka mest på Lindås barneskule der det var ein auke på 3 klassar og 28 elevar sidan 1.10.14. Andre skular som veks er Eikanger (+8), Knarvik barneskule (+15), Leiknes (+7) og Seim (+12). Det er planlagt eller gjennomført tiltak for å ha god nok kapasitet på dei skulane som veks

2.2. Minoritetspråklege elevar

Tal elevar som fekk særskild norskopplæring 2015-16

Trinn:	1.	2.	3.	4.	5.	6.	7.	8.	9.	10	Sum 1-10
Tal elevar	7	5	9	6	9	4	7	4	8	1	60

Skule	Tal elevar 15-16
Alversund skule	8
Eikanger skule	2
Kløvheim skule	0
Knarvik barneskule	9
Leiknes skule	3
Lindås barneskule	21
Myking skule	2
Ostereidet barneskule	1
Seim skule	1
Knarvik ungdomsskule	7
Lindås ungdomsskule	2
Ostereidet ungdomsskule	4
Sum:	60

Lokale mål for opplæring av minoritetsspråklege elevar

- Rask og effektiv opplæring i norsk for barn og unge frå språklege minoritetar (Kommunedelplan for oppvekst 16-28)
- Elevane får raskt skuletilbod i eit trygt miljø og får undervisning i samsvar med sine rettar (Verksemdsplan for skuleeininga 16-17)

Eigenvurdering

Gruppa av minoritetsspråklege barn og unge i Lindås 2015 bestod av barn til arbeidinnvandrarar, familiegjenforening p.g.a. giftarmål, busette flyktningar og familiegjenforening for flyktningar. Talet har vore jamnt stigande, men pr.1.10 15 då tala i tabellane vart registrert, viste det ein nedgang på 13 sidan 2014/15

I løpet av skuleåret 15-16 har talet elevar gått oppover igjen, og sidan Lindås mottak for einslege mindreårige asylsøkjjarar opna i april 16, har grunnskulen i Lindås også elevar som tilhøyrer denne gruppa. Dersom det er sannsynleg at ein asylsøkjjar blir i Noreg i tre månader eller meir, er retten til grunnskuleundervisning den same som for andre minoritetsspråklege.

Det er stor skilnad på tal minoritetsspråklege elevar frå skule til skule, frå 0 til over 20. Erfaring, kompetanse og praksis på feltet er derfor ujamnt fordelt og tiltak for å utvikla felles kunnskap og praksis vert prioritert frå kommunalt hald.

Det ikkje meldt om særlege vanskar med opplæringa på barnetrinnet. På ungdomstrinnet har Lindås, som andre kommunar, elevar som har gått ut av grunnskulen etter 1-2 år i Noreg. Dei får vitnemål og

har rett til plass i vidaregåande opplæring, men dei har ikkje nok kompetanse i grunnskulefag til å klare seg på vidaregåande og endar lett opp i fråfallsstatistikken. Det er aktuelt med nye og andre tiltak både nasjonalt og lokalt, for at denne gruppa skal klare å kvalifisere seg for arbeidsmarknaden.

Skulane i Lindås er raske med å gje dei framandspråklege elevane tilbod i særskild norsk, og nyttar tolk eller tilrettelagt opplæring med anna personale for å gje tospråkleg fagopplæring og tryggleik dei første tre månadene. Tilgangen på tolkar og morsmålslærarar i kommunen er ikkje god.

FM i Hordaland gjennomførte i mars 2014 eit tilsyn i Lindås kommune. Tema for tilsynet var retten til særskild språkopplæring etter §2-8 i opplæringslova, kommunen sin oppfølging av sakshandsamingsreglane som gjeld på området og kommunen sitt forsvarelege system for å sikre at krava i opplæringslova § 13-10 vert oppfylte.

Kommunen sine retningslinjer for opplæring av minoritetsspråklege elevar vart endra i tråd med pålegg frå fylkesmannen.

Vidare arbeid med opplæring av minoritetsspråklege elevar

Tiltak:

- Kommunen kontrollerer og sikrar at retningslinjene vert følgde på alle skulane og at dei blir konkretisert til lokale planar med klar ansvarsfordeling.
- Oppstart av eit prosjekt, «Styrking av ordinær opplæring» for godt utbytte av vanleg klasseundervisning for alle typar elevar
- Samarbeid med PPT på skulane og i leiarmøte om temaene: Kartlegging av språkkompetanse og Innhald i opplæringa
- Samarbeid med vidaregåande skular i regionen om betre tilpassa opplæring for elevane som får plass på vgs utan tilstrekkeleg kompetanse.
- Kompetanseutvikling:
 - o Forvaltning – kurs for for skuleleiarar og lærarar i skulane sine ressursteam etter behov
 - o Etterutdanning og vidareutdanning i «Andrespråkspedagogikk»

2.3. Tilsette

Årsverk for undervisningspersonale

Indikatoren viser summen av årsverk for undervisningspersonalet. Summen inkluderer berekna årsverk til undervisning og berekna årsverk til anna enn undervisning.

Del av årstimar gitt av personale med godkjend utdanning

Indikatoren viser kor stor del av årstimane som er gjennomførte av undervisningspersonale med godkjend utdanning i dei fag og trinn dei underviser i.

Lindås kommune skoleeier | Fordelt på periode

Indikator og nøkkeltall	2011-12	2012-13	2013-14	2014-15	2015-16
Talet på elevar	1 950	1 981	1 954	1 946	1 920
Årsverk for undervisningspersonale	208,2	203,8	196,9	200,8	195,1
Andel årstimer til undervisning gitt av undervisningspersonale med godkjent utdanning	97,4	97,6	98,5	98,6	97,9

Lokale mål:

Reduksjon i tal årsverk til undervisning på 5 stillingar frå 2014-15 til 2015-16 (Økonomiplan)

Eigenvurdering

Målet i økonomiplanen med reduksjon i årsverk lærarar vart nådd, medan årsverk assistentar auka med eit. Årsverk assistentar i skulen er knytt til spesialpedagogiske tiltak. I det som blir talt som assistentårsverk er der også miljøarbeidarar og vernepleiarar. Ein del av dei spesialpedagogiske behova på skulane krev annan kompetanse enn den skulefaglege.

Dei tilsette i grunnskulane i Lindås har god kompetanse, og blant pedagogane har 97,9% hatt godkjent utdanning.



Første skuledag

3. Læringsmiljø

3.1. Elevundersøkinga

Alle elevar og lærlingar skal inkludertast og oppleve meistring. Det er obligatorisk for skuleeigarar og skuleleiarar å gjennomføre Elevundersøkinga for elevar på 7. og 10. steget og for Vg1. Ein del av spørsmåla i Elevundersøkinga er sett saman til indeksar som blir viste i Skoleporten. Resultata for alle spørsmåla i Elevundersøkinga blir viste i ein eigen rapportportal. I tilstandsrapporten er desse læringsmiljøindeksane obligatoriske:

- **Støtte frå lærarane:** Indeksen viser korleis elevane opplever emosjonell og fagleg støtte frå lærarane.
- **Vurdering for læring:** Indeksen kartlegg elevane si oppleving av dei fire prinsippa i vurdering for læring.
- **Læringskultur:** Indeksen viser om elevane opplever at skulearbeidet er viktig for klassen, og om det er rom for å gjere feil i læringsarbeidet.
- **Meistring:** Indeksen viser elevane si oppleving av meistring i samband med undervisning, lekser og arbeid på skulen.
- **Elevdemokrati og medverknad:** Indeksen viser elevane si oppleving av om det er mogleg å medverke i arbeidet med faga, og om dei får vere med og avgjere klassereglar og delta i elevrådsarbeid.
- **Mobbing på skolen:** Gjennomsnittsverdien for indikatoren Mobbing på skulen er berekna ut frå kor mange som opplever at dei blir mobba, og kor ofte dei blir mobba. Verdien viser ikkje talet på elevar som i snitt blir mobba. Ein og same verdi kan anten indikere at mange kryssar av at dei blir mobba sjeldan, eller at færre kryssar av at dei blir mobba hyppig. I Skoleporten tyder eit gjennomsnitt ned mot verdien 1 på lite mobbing i skolen.
- **Andel elevar som har opplevd mobbing:** 2-3 gonger i måneden eller oftare (prosent). Sjå eget diagram.


Skala: 1-5. Høg verdi vil seie positivt resultat. Unntaka er mobbing på skolen der låg verdi er positivt.

Lokale mål – frå Kvalitetsplanen

- Barnehage og skule legg vekt på å stimulere og synleggjere ressursane til alle barna/ungdommane
- Barn og unge trivst og opplever meistring, både fysisk, sosialt, emosjonelt og kognitivt
- Alle barn og unge skal ha tilgang på gode tilbod og tenester, og ha høve til å delta og bruke evnene sine uavhengig av sosial, økonomisk og etnisk bakgrunn

Utvikling siste åra, 7. trinn


Tabellen under viser resultatene på elevundersøkelsen på 7. trinn. Resultatene de siste tre åra syner ei positiv utvikling på nærast alle områda. Kommunen sine resultat er no tett opp mot score på lands- og fylkesnivå på alle områda utanom mobbing, der vi no følgjer nivået til lands- og fylkesnivå.



Lindås kommune, Grunnskole, Elevundersøkelsen, Alle eierformer, Trinn 7, Begge kjønn


Utvikling siste åra, 10. trinn

Resultata for 10. trinnet i kommunen viser noko meir varierende resultat. Med ei betring i resultata i fjor, har vi i år ei svak tilbakegang på fleire område. Lindås kommune sine resultat for mobbing på 10. trinn syner ei positiv utvikling, og ein følgjer no nivået på lands- og fylkesnivå.



Lindås kommune, Grunnskole, Elevundersøkelsen, Alle eierformer, Trinn 10, Begge kjønn


Lindås kommune skoleeier | Samanlikna geografisk elevundersøkinga 7. trinn



Lindås kommune skoleeier, Grunnskole, Elevundersøkelsen, Offentlig, 2015–2016, Trinn 7, Begge kjønn

Illustrasjonen er henta frå Skoleporten

Lindås kommune skoleeier | Samanlikna geografisk elevundersøkinga 10.trinn



Lindås kommune skoleeier, Grunnskole, Elevundersøkelsen, Offentlig, 2015–2016, Trinn 10, Begge kjønn

Eigenvurdering

Skulane har arbeidd aktivt for å betre elevane sitt psykososiale skulemiljø. Det har vore fokus på trivsel, aktivitet og vennskap. Mellom anna har dei fleste barneskulane no innført trivselsleiarar i friminutta. Dei skal bidra til auka aktivitet, lek og felles samhandling. Skulane har også delteke i den årlege kampanjen om vennsapsveke, noko som har vore positivt for fellesskapet.

Det er gjort mykje godt arbeid i regi av MOT i ungdomskulen, der våre MOT-coachar gjer ein super innsats for ungdommen. Resultat frå den årlege «Desember-undersøkinga» syner at ungdommane er godt nøgd med MOT-arbeidet i skulane og at dei fleste opplever at dette har betydd ein skilnad i høve til eiga utvikling og tryggleik i ungdomsmiljøet. Lindås sine resultat er gode, har vore det over år, og ligg godt over snittet for denne undersøkinga.

Skuleleiarane har delteke i kurs om elevane sine rettar til eit godt fysisk og psykososialt skulemiljø, og ein har hatt fokus på å dele kunnskap og praksis i kollegiet. Retningslinjer og mal for enkeltvedtak knytt til skulemiljø er justert. I undersøkingssfasen legg ein no større vekt på å høyre barnet/den unge si stemme, både med omsyn til kva ein opplever og når det gjeld ønskje om tiltak for å betre situasjonen. Det gode arbeidet skal halde fram, og ein vil involvere elevar og føresette i stor grad. Det er fellesskapet som kan redusere omfanget av krenkingar og mobbing, ved å stoppe negative handlingar før dei veks seg til store problem

3.2. Andel elevar som har opplevd mobbing 2-3 gonger i månaden eller oftare (prosent)


Prosentdelen «Mobbing på skolen» viser den prosentdelen elevar som opplever å bli mobba 2 eller 3 gonger i månaden eller oftare. Prosentdelen elevar som opplever mobbing på skolen, er summen av den prosentdelen elevar som har kryssa av på svaralternativa «2 eller 3 gonger i månaden», «Omtrent 1 gong i veka» og «Fleire gonger i veka». Prosentdelen Mobba på skolen seier med andre ord ingen ting om kor ofte elevane opplever å bli mobba.

Lokale mål – frå Kvalitetsplanen


- Barn, unge og føresette trivst og er inkludert i fellesskapet og deltar i barnehage, skule og på fritida
- Det vert lagt vekt på å utvikla venskap, respekt og toleranse i barnehage, skule og på fritida, og å byggja sterke relasjonar mellom barn, unge og vaksne, samt styrkja samhandlingskompetansen til den einskilde
- Nulltoleranse for krenkingar, mobbing, diskriminering og trakassering

Utvikling siste åra

Når det gjeld elevar som har opplevd mobbing 2-3 gonger i månaden eller oftare, har kommunen samla sett ein positiv nedgang i prosent dei siste tre åra også her. Kommunen sine resultat er om lag på nivå med Hordaland fylke på 7. trinnet, som er litt under landet sine resultat samla. Resultata våre for ungdomsskulen er markant betre enn nasjonalt nivå.




Lindås kommune skoleeier | Samanlikna geografisk



Lindås kommune skoleeier, Grunnskole, Andel elever som har opplevd mobbing 2-3 ganger i måneden eller oftere (prosent), Offentlig, 2015-2016, Trinn 7, Begge kjønn

Illustrasjonen er henta frå Skoleporten

Lindås kommune skoleeier | Samanlikna geografisk



Lindås kommune skoleeier, Grunnskole, Andel elever som har opplevd mobbing 2-3 ganger i måneden eller oftere (prosent), Offentlig, 2015-2016, Trinn 10, Begge kjønn

Eigenvurdering

Ei positiv utvikling med omsyn til reduksjon i mobbing er gledeleg. Både at omfanget blir redusert og at det er færre elevar som melder frå om at dei blir mobba 2-3 gonger i månaden eller oftare. Dette er imidlertid eit tema som vi må arbeide med kvar dag i skulen, og ein kan ikkje seie seg nøgd så lenge det er elevar i Lindås som opplever krenkingar og mobbing.

Vidare arbeid med læringsmiljø

- Sikre vidare drift, oppfølging av, opplæring i og utvikling av praksis for kommunen sine forebyggjande systemtiltak, Zippy og Dei utrolege åra (DUÅ). I samsvar med Kvalitetsplan for oppvekst blir det etablert koordinatorrolle for DUÅ på kommunenivå og ved kvar barnehage/skule.
- Det førebyggjande arbeidet i kommunen skal forankrast tettare gjennom leiing, møteplassar og faglege prioriteringar.
- Tilsette som arbeider med Zippy, MOT, DUÅ, ART og Salto skal koordinere satsing, prioriteringar og praksis til det beste for born og unge i kommunen.
- Bruk av VismaFlyt (dataprogram) som forsvarleg system slik at rektorane og skuleeigar har innsikt i og veit at skulane følgjer vurderingsforskrifta.
- Oppfølging og rettleiing til skular ved behov når det gjeld vurdering for læring.
- Auka kapasitet hjå skuleeigar for å kunne følgje opp læringsresultata på skulane
- Systematisk arbeid for godt psykososialt skulemiljø, trivsel, vennskap og mot krenking/mobbing. Plan for arbeidet på alle skular (årshjul med tiltak og ansvarsfordeling)
- Sikre meir mestring gjennom prosjektet «Styrking av ordinær opplæring»

4. Læringsresultat

Nasjonale mål for grunnopplæringa:

Alle elevar som går ut av grunnskolen, skal meistre grunnleggjande ferdigheiter. Dette er ferdigheiter som gjer dei i stand til å delta i vidare utdanning og i arbeidslivet.

4.1. Nasjonale prøver 5. steget

Om lesing

Nasjonale prøver i lesing kartlegg i kva grad ferdigheitene til elevane er i samsvar med mål for den grunnleggjande ferdigheita lesing, slik ho er integrert i kompetansemål i læreplanar for fag i LK06. Dei nasjonale prøvene i lesing omfattar tre aspekt. Elevane skal vise at dei kan:

1. finne informasjon
2. forstå og tolke
3. reflektere over og vurdere form og innhald i teksten

Om rekning

Nasjonale prøver i rekning skal kartleggje i kva grad ferdigheitene til elevane er i samsvar med mål for den grunnleggjande ferdigheita rekning, slik ho er integrert i kompetansemål i læreplanar for fag i LK06. Dette inneber at nasjonale prøver i rekning ikkje er ei prøve i matematikk som fag. Dei nasjonale prøvene i rekning dekkjer tre innhaldsområde:

- tal
- måling
- statistikk

Prøvene i rekning tek utgangspunkt i korleis elevane bruker rekning i ulike faglege og daglegdagse samanhengar. Dette inneber at elevane forstår korleis dei:

- kan løyse ei gitt utfordring
- kan løyse problemet ved hjelp av rekneoperasjonar
- kan vurdere om svara er rimelege
- kan ha effektive strategiar for enkel talrekning

Om engelsk

Engelsk er ikkje ein del av dei grunnleggjande ferdigheitene som er integrerte i kompetansemål i læreplanane i alle fag i LK06. Prøvene tek utgangspunkt i kompetansemål i eitt fag – engelsk. Oppgåvene (på 5. steget) er knytte til desse ferdigheitene:


- finne informasjon
- forstå hovudinnhaldet i enkle tekstar
- forstå vanlege ord og uttrykk knytta til daglegliv og fritid
- forstå kva ord og uttrykk tyder ut frå samanhengen dei er brukte i
- bruke vanlege grammatiske strukturar, småord og enkle setningsmønster

Lokale mål:

- I Lindås utviklar elevane i løpet av den tiårige grunnskulen gode grunnleggjande ferdigheiter som fungerer som hensiktsmessige reiskapar for læring og for å kunne vise kompetanse. (Strategisk plan 2014-2018)
- Lindås kommune skal ha nedgang i prosentdel elevar på lågaste meistringsnivå og auke i prosentdel elevar på høgste meistringsnivå. Nedgang/auke skal målast over tre år med start i 2014/15 (Verksemdsplan skuleeininga 16/17)


Lindås kommune skuleeigar – samanlikna 2 siste år, 5. trinn

Diagrammet under viser gjennomsnittet av elevane sine skalapoeng og usikkerheita knytt til dette gjennomsnittet for 2014-15 og 2015-16. Søylen viser intervallet på skalaen der hovuddelen (60 prosent) av elevane er. Dette er eit mål på spreinga av resultata til elevane. På 5. trinn vert elevane plasserte på høvesvis 3 meistringsnivå, der meistringsnivå 1 er lågast. Presentasjonane på dei neste sidene viser eit oversyn over prosentvis fordeling av elevar på dei ulike meistringsnivåa samanlikna med Hordaland fylke og landet dei to same skuleåra.




Illustrasjonen er henta frå Skoleporten

Lindås kommune, meistringsnivå – samanlikna geografisk to siste år- lesing 5.trinn



Lindås kommune, Grunnskole, Nasjonale prøver 5. trinn, Alle eierformer, Trinn 5, Begge kjønn


Lindås kommune, meistringsnivå – samanlikna geografisk to siste år-rekning 5.trinn



Lindås kommune, Grunnskole, Nasjonale prøver 5. trinn, Alle eierformer, Trinn 5, Begge kjønn

Illustrasjonen er henta frå Skoleporten

Lindås kommune, meistringsnivå | Samanlikna geografisk – engelsk 5. trinn



Lindås kommune, Grunnskole, Nasjonale prøver 5. trinn, Alle eierformer, Trinn 5, Begge kjønn

Eigen vurdering

Resultata for Lindås skil seg ikkje skarpt frå resultata for resten av landet om vi samanliknar spreining. Men gjennomsnittet er framleis i underkant av gjennomsnittet i Hordaland og landet. Resultata på nasjonale prøvar for 5. trinn 15/16 viser framgang i gjennomsnitt for alle tre prøvar, størst for engelsk lesing.

I forhold til målsetjinga vår om færre elevar på lågaste meistringsnivå og fleire på høgaste, er årets resultat oppmuntrande, men vi treng å sjå resultat over fleire år, for å kunna seia om det er ei varig endring ut frå tiltaka som er sett i verk.

Resultatet på nasjonale prøvar for 5. trinn 15/16 viser ein signifikant framgang i tal elevar på høgaste meistringsnivå i lesing (+7,3) og rekning (+5,0) og også framgang i engelsk.

Nedgangen i prosentdel elevar på lågaste meistringsnivå er ikkje signifikant for lesing, men signifikant i rekning (-5,0), og særleg god (-7,3) i engelsk lesing.

Vidare arbeid med grunnleggjande ferdigheiter på barnetrinnet

- For å styrkje leseopplæringa for den enkelte elev i kommunen, vart det igangsett eit nytt leseprosjekt hausten 2013 – «LeseLos». Åtte av dei ni barneskulane i kommunen har no «LeseLos» som eit felles skulebasert utviklingsprosjekt. Prosjektet er prioritert i fellestid på skulane. Årets resultat med større del av elevane på høgaste meistringsnivå kan vera eit konkret teikn på framgang i dette langsiktige arbeidet. Elevar som starta med LeseLos i 1. klasse, startar i 4. klasse hausten 16, og deira resultat på nasjonale prøvar hausten 2017, har ein forventningar til. LeseLos-prosjektet vert vidareført inneverande skuleår.
- Tidleg innsats med lærarar og/eller andre tilsette som startar tiltak for elevar med svak/manglande læringsprogresjon med ein gong det vert oppdaga. (kommunal og statleg satsing)
- Bruk av registreringssystemet VOKAI for å sikre at lærarar/skular og skuleeigar kjenner læringsresultata og kan setja i verk tiltak som fremmer vidare læring der det trengst, for klassar og enkeltelevar
- Oppstart av prosjektet styrking av ordinær opplæring

4.2. Nasjonale prøver ungdomssteg

Om lesing

Nasjonale prøver i lesing skal kartlegge i kva grad ferdigheitene til elevane er i samsvar med måla for den grunnleggjande ferdigheita lesing, slik ho er integrert i kompetansemål i læreplanar for fag i LK06. Dette inneber at nasjonale prøver i lesing ikkje er ei prøve i norskfaget.

Dei nasjonale prøvene i lesing omfattar tre aspekt ved lesing. Elevane viser at dei kan:

1. finne informasjon
2. forstå og tolke
3. reflektere over og vurdere form og innhald i teksten

Om rekning

Nasjonale prøver i rekning kartlegg i kva grad ferdigheitene til elevane er i samsvar med mål for den grunnleggjande ferdigheita rekning, slik ho er integrert i kompetansemål i læreplanar for fag i LK06. Dette inneber at nasjonale prøver i rekning ikkje er ei prøve i matematikk som fag. Dei nasjonale prøvene i rekning dekkjer tre innhaldsområde:

- tal
- måling
- statistikk

Prøvene i rekning tek utgangspunkt i korleis elevane bruker rekning i faglege og daglegdagse samanhengar. Dette inneber at dei:

- forstå og kan reflektere over korleis dei best kan løyse ei gitt utfordring
- kan løyse problemet ved hjelp av rekneoperasjonar
- kan vurdere om svara dei får er rimelege
- kan vise effektive strategiar for enkel talrekning

Om engelsk

Engelsk er ikkje ein del av dei grunnleggjande ferdigheitene som er integrerte i kompetansemål i læreplanane i alle fag i LK06. Prøvene tek utgangspunkt i kompetansemål i eitt fag – engelsk. Oppgåvene for ungdomssteget er knytte til desse ferdigheitene:


- finne informasjon
- forstå og reflektere over innhaldet i tekstar av ulik lengd og forskjellige sjangrar
- rå over eit ordforråd som dekkjer daglegdagse situasjonar
- forstå kva ord og uttrykk tyder ut frå samanhengen dei er brukte i
- forstå bruken av grunnleggjande reglar og mønster for grammatikk og setningstypar

Lokale mål:

Lindås kommune skal ha nedgang i prosentdel elevar på lågaste meistringsnivå og auke i prosendel elevar på dei to høgste meistringsnivåa. Nedgang/auke skal målast over tre år med start i 2014/15


Lindås kommune skoleeier | Samanlikna to siste år - 8.trinn

Diagrammet under viser gjennomsnittet av elevane sine skalapoeng og usikkerheita knytt til dette gjennomsnittet. Søylen viser intervallet på skalaen der hovuddelen (60 prosent) av elevane er. Dette er eit mål på spreinga av resultata til elevane. På 8. trinn vert elevane plasserte på 5 meistringsnivå, der meistringsnivå 1 er lågast. Presentasjonane på neste side viser eit oversyn over prosentvis fordeling av elevar på dei ulike meistringsnivåa samanlikna med Hordaland fylke og landet.




Illustrasjonen er henta frå Skoleporten

Lindås kommune meistringsnivå | Samanlikna geografisk – Lesing 8.




Lindås kommune, Grunnskole, Nasjonale prøver ungdomstrinn, Alle eierformer, Trinn 8, Begge kjønn

Lindås kommune meistringsnivå | Samanlikna geografisk – Regning 8.



Lindås kommune, Grunnskole, Nasjonale prøver ungdomstrinn, Alle eierformer, Trinn 8, Begge kjønn

Lindås kommune meistringsnivå | Samanlikna geografisk – Engelsk 8.




Lindås kommune, Grunnskole, Nasjonale prøver ungdomstrinn, Alle eierformer, Trinn 8, Begge kjønn

Illustrasjonen er henta frå Skoleporten


Eigenvurdering

Elevane på 8. trinn 2015-16 oppnår eit skalapoeng høgare snitt enn elevane året før i lesing og rekning og to skalapoeng høgare snitt i engelsk lesing. Fordelt på meistringsnivå er det ein auke i tal elevar på dei to høgaste meistringsnivåa på alle tre prøvane. Det er nedgangen i prosentdel elevar på dei to lågaste meistringsnivåa også, men Lindås har framleis for mange elevar på lågaste nivå og for få på høgaste nivå samanlikna med andre.


Lindås kommune skoleeier | Samanlikna to siste år - 9.trinn



Lindås kommune meistringsnivå | Samanlikna geografisk – Lesing 9.



Lindås kommune meistringsnivå | Samanlikna geografisk – Rekning 9.



Lindås kommune, Grunnskole, Nasjonale prøver ungdomstrinn, Alle eierformer, Trinn 9, Begge kjønn

Eigen vurdering

Resultata i lesing på 9. trinn er stabilt på snitt, har ein auke i tal elevare på dei to høgaste meistringsnivåa som er bra, men også ein auke i del elevar på dei lågaste meistringsnivåa. I rekning er resultata på nasjonale prøvar for 9. trinn ein tilbakegang frå året før.

Vidare arbeid med grunnleggjande ferdigheiter på ungdomstrinnet

Tiltak:

- Skulane fører resultat på kartleggingar og testar i dataprogrammet VOKAL og brukar oversiktene det gjev til å setja i verk tiltak for klassar, grupper eller enkeltelevar som treng det.
- Skuleeigar følgjer opp læringsresultata for klassar og elevar ut frå det som er lagt inn i VOKAL
- Skulen analyserer sine eigne læringsresultat for å ta vare på sterke sider og utvikla svake sider når det gjeld læringsresultat og skuleeigar får informasjon om vurderingane og kan følgja opp desse.
- Knarvik ungdomsskule 9. trinn deltek i realfagsatsinga Respmath i samarbeid med Høgskolen Stord/Haugesund.

4.3. Karakterar - matematikk, norsk og engelsk

Standpunktkarakterar og karakterar frå eksamen i grunnskolen og i vidaregåande opplæring utgjer sluttvurderinga. Denne vurderinga gir informasjon om kompetansen eleven har oppnådd i faget. Vurderinga skal ta utgangspunkt i måla i læreplanverket. Graderinga beskriv at karakteren:

- 1 uttrykkjer at eleven har svært låg kompetanse i faget
- 2 uttrykkjer at eleven har låg kompetanse i faget
- 3 uttrykkjer at eleven har nokså god kompetanse i faget
- 4 uttrykkjer at eleven har god kompetanse i faget
- 5 uttrykkjer at eleven har mykje god kompetanse i faget
- 6 uttrykkjer at eleven har framifrå kompetanse i faget

Karakterskalaen er 1-6. Beste karakter er 6. Karakterane er viste som gjennomsnitt.

Lokale mål

- Ungdomsskulane i Lindås har eit karakterresultat på landssnittet eller over
- Avstanden mellom standpunktkarakter og eksamenskarakter vert vurdert på skulane kvart år for å sikra at skulen si vurdering ikkje er for streng eller snill

Skoleporten - Eksamenskarakterer

Enhet: Lindås kommune

Lindås kommune, Grunnskole, Eksamenskarakterer, Alle eierformer, Trinn 10, Begge kjønn

Indikator og nøkkeltall	2011-2012	2012-2013	2013-2014	2014-2015	2015-2016
Engelsk skriftlig eksamen	4,0	3,4	3,6	3,5	3,5
Matematikk skriftlig eksamen	2,8	2,7	2,9	2,5	3,0
Norsk hovedmål skriftlig eksamen	3,3	3,1	3,3	3,3	3,2
Norsk sidemål skriftlig eksamen	3,4	3,2	2,7	3,2	3,3

Lindås kommune skoleeier | Samanlikna geografisk | Fordelt på periode

Skoleporten - Standpunktkarakterer

Enhet: Lindås kommune

Lindås kommune, Grunnskole, Standpunktkarakterer, Alle eierformer, Trinn 10, Begge kjønn

Indikator og nøkkeltall	2011-2012	2012-2013	2013-2014	2014-2015	2015-2016
Engelsk skriftlig standpunkt	3,9	3,8	3,9	3,9	4,1
Matematikk standpunkt	3,4	3,3	3,4	3,1	3,3
Norsk hovedmål standpunkt	3,8	3,5	4,0	3,8	3,7
Norsk sidemål standpunkt	3,7	3,5	3,9	3,7	3,5

Illustrasjonen er henta frå Skoleporten

Eigenvurdering

Eksamenskarakter vert sett av ekstern sensor som ikkje kjenner elevane. Store avvik frå standpunktkarakterane over tid kan vere teikn på at faglærarane er for strenge eller for snille. denne samanlikninga vert best utført på skulenivå, sidan ikkje alle elevane kjem opp til skriftleg eksamen. Årets kull hadde eit eksamensresultat med framgang i matematikk samanlikna med åra før. Snittet for landet var 3,5.

Standpunktkarakterane er om lag på linje med tidlegare år. Engelsk standpunkt kan synast å liggja litt høgt i forhold til eksamenskarakterane. På den andre sida oppnådde elevane som var oppe til munnleg eksamen i engelsk 4,6 i snitt og det var over snittet for landet.

4.4. Grunnskulepoeng


Grunnskulepoeng er eit mål for det samla læringsutbyttet for elevar som får sluttvurdering med karakterar. Karakterane blir brukte som kriterium for opptak til vidaregåande skole. Grunnskulepoeng er rekna ut som summen av dei avsluttande karakterane til elevane, delt på talet på karakterar og ganga med 10.

Dersom det manglar karakterar i meir enn halvparten av faga, skal det ikkje reknast ut poeng for eleven. Grunnskulepoeng er presentert som karaktergjennomsnitt med ein desimal.

Lokale mål

- Snittet for grunnskulepoeng i Lindås ligg over landssnittet.

Lindås kommune skoleeier | Samanlikna geografisk | Fordelt på periode



Lindås kommune, Grunnskole, Grunnskulepoeng, Alle eierformer, Trinn 10, Begge kjønn

Eigenvurdering


2015-16 er tredje året på rad at Lindås ligg over lanssnittet når det gjeld grunnskulepoeng.

4.5. Gjennomføring

Alle elevar og lærlingar som er i stand til det, skal gjennomføre vidaregåande opplæring. Kompetansebeviset skal sikre dei vidare studium eller deltaking i arbeidslivet. Utdanningsdirektoratet tilrår at skoleeigarane tek med denne indikatoren: Overgang frå GS til VGO

Overgang frå grunnskole til VGO

Prosentdelen av elevkullet som er registrert i vidaregåande opplæring hausten etter uteksaminering frå grunnskolen.



Lindås kommune skoleeier, Grunnskole, Overgangar, Offentlig, Alle trinn, Begge kjønn

Eigenvurdering

Tala for overgang til vidaregåande opplæring tyder ikkje at elevane også gjennomfører vidaregåande skule. Det er ikkje utvikla gode rapportar for gjennomføring endå. Tala for overgangen grunnskule vgs for 2015 viser at det berre var 1,5% av elevane som ikkje gjekk direkte vidare til vidaregåande opplæring. Dette er eit godt tal samanlikna med andre.

Vidare arbeid med karakterar og grunnskulepoeng

- I 2015 deltok ungdomsskulane i Lindås i ei nasjonal satsing «Ungdomstrinn i utvikling» med vekt på klasseleiing ved Ostereidet og Lindås ungdomsskule og rekning som grunnleggjande ferdigheit ved Knarvik ungdomsskule. Innhaldskomponentane i satsinga var: Praktisk, variert, relevant og utfordrande undervising, organisasjonsutvikling og vurdering for læring. Målet er å auke elevane sin motivasjon for læring og dermed auka læringsutbytte for den einskilde elev.
- Då ungdomsskulane i Lindås var ferdige med den statlege satsinga til jul 2015, viste vurdering at alle tre skulane hadde hatt positivt utbytte i forhold til organisasjonsutvikling. Dei tilsette tok del i ein utviklingsprosess på eigen arbeidsplass for å utvikle skulen sin samla kunnskap, haldningar og ferdigheiter når det gjeld læring, undervising og samarbeid. Resultatet som vart framheva, var betre og meir systematisk lærarsamarbeid og meir refleksjon om elevane si læring ut frå undervisningsopplegga.
- Satsinga vert vidareført gjennom eit nettverk med ungdomsskulane i nabokommunane i regi av Nordhordland kompetanseregion (NKR) i 2016. Arbeidet held fram ut 2017.
- Lindås kommune satsar vidare på meir einsarta og felles praksis i vurderingsarbeidet gjennom innføring av halvårsvurdering og underevgsvurdering i dataprogrammet VismaFlyt.

5. Tidleg innsats

5.1. Utvikling siste åra

Frå statleg hald har det dei siste åra vore sterkt fokus på tidleg innsats, som skal sikre at elevar som treng ekstra oppfølging får denne tilrettelegginga frå første klasse. Det er særleg merksemd rundt norsk og matematikk i 1.-4.klasse.

Prinsippet om tidleg innsats er forankra i opplæringslova § 1-3 Tilpassa opplæring og tidleg innsats, som uttrykkjer at *opplæringa skal tilpassast evnene og føresetnadene hjå den einskilde eleven, lærlingen og lære kandidaten. På 1.-4. trinn skal kommunen sørgje for at den tilpassa opplæringa i norsk eller samisk og matematikk mellom anna inneber særleg høg lærartettleik og er særleg retta mot elevar med svak dugleik i lesing og rekning.*

Etter tidlegare modell for ressurstildeling til skulane, fekk skulane tildelt ramme for tidleg innsats 1.-4. trinn. Etter gjeldande modell er det skuleleiarane sjølve som må syte for ressursdisponering i samsvar med intensjonen i opplæringslova. Skuleeigar skal sjå til at dette blir gjort.

Staten har det siste året tildelt ekstra midlar til Tidleg innsats, og desse er fordelt til skulane. Skulane og kommunen skal rapportere på bruken av midlane, og slik synleggjere at dei er brukt i samsvar med intensjonen.

Lindås kommune har innført Ressursteam ved alle skulane, som fungerer som ein rettleiings- og drøftingskanal mellom skule, PPT og andre instansar i høve til elevane si utvikling. Frå hausten 2016 er ressursteam under etablering også i barnehagane.

Gjennom organisering av Oppvekstsektoren er det etablert fleire møtepunkt mellom skuleeigar og PPT, slik at det i praksis er tettare samarbeid kring utviklingsarbeid både i barnehage og skule. Organiseringa av sektoren skal fremje tverrfagleg samarbeid og tidleg innsats. Prioriteringar og metodar for arbeidet med barn, unge med føresette i kommunen, er synleggjort i den nyleg etablerte Kvalitetsplanen for oppvekst. Med planen legg ein vekt på at den einskilde aktør skal oppleve glede over noko ein oppnår på vegne av seg sjølv eller andre. For barn og unge kan dette t.d. innebære at dei får hjelp, støtte, ros og oppmuntring til å ta egne krefter i bruk for å oppnå eit mål.

Eigenvurdering

Dei siste året er det arbeidd tverrfagleg for å innføre dataprogramma SamPro og Stafettloggen, som skal sikre heilskapleg oppfølging av barn og unge som treng ekstra tilrettelegging i det daglege.

Arbeidsprosessen har vore organisert som prosjekt og det har vore arbeidd godt tverrfagleg. For å sikre utvikling og drift også etter implementeringsperioden, er det etablert koordinatorfunksjon til desse tiltaka frå hausten 2016.

Det er behov for å arbeide vidare med satsingsområdet Styrking av den ordinære opplæringa i åra som kjem. Arbeidet med dette satsingsområdet vil frå hausten 2016 bli organisert som eit eige prosjekt, der ein legg vinn på å arbeide tett inn mot skulane. Skuleeigar vil vere prosjektleiar for prosjektet, i tett samarbeid med Pedagogisk Psykologisk Teneste (PPT).

6. Spesialundervisning

Utvikling siste åra

Tal elevar i Noreg som får spesialundervisning har gått ned med 2 600 frå 2010. Om lag 8 prosent av alle elevar i grunnskulen får spesialundervisning. 67 % av dei som får spesialundervisning er gutar (KOSTRA 2016).

Lindås kommune har hatt aukande omfang av spesialundervisning dei siste åra. Tala for 2015 (KOSTRA) syner at kommunen har hatt ein nedgang i prosent elevar i ungdomsskulen som får spesialundervisning siste året, medan det er ein auke for mellomtrinnet. Tala for 1.-4. trinn er på same nivå som for i 2014.

Om ein samanliknar kommunen sine resultat med nabokommunar, fylke og landet, ser ein at både Meland, Lindås og Radøy ligg vesentleg over fylkes- og landsnivået for spesialundervisning.

6.1. Prosent av elevar i grunnskulen i Lindås som får spesialundervisning:

	Lindås 2010	Lindås 2012	Lindås 2014	Lindås 2015	Meland 2015	Radøy 2015	Hordaland 2015	Landet 2015
1.-4. trinn	4,9	6,1	8,3	8,3	8,0	6,3	5,0	7,9
5.-7. trinn	7,3	11,1	12,6	15,4	17,6	13,0	9,1	9,2
8.-10. trinn	12,2	14,4	19,2	15,3	15,9	13,1	9,6	10,3
1.-10. trinn	7,8	10,1	12,9	12,4	13,0	10,4	7,6	7,9

Lokale mål frå Strategisk plan 2014-19

- Skulane i Lindås har høg kvalitet på den ordinære opplæringa og på spesialundervisninga.
- Elevar i Lindås opplever meistring og får utvikle sine evner og talent gjennom godt tilpassa undervisning frå 1. klasse.
- I løpet av perioden 2014-2018 er det nedgang i talet på elevar med særskilde behov på ungdomssteget, og det er etablert same førebyggjande systemarbeid mellom skule og PPT for alle skular.

Eigenvurdering

Omfang av spesialundervisning i grunnskulen i Lindås er urovekkande høgt. Tiltak for å redusere omfanget av spesialundervisning er sett inn, men ein må rekne nokre år før ein ser resultat av denne satsinga.

Av gjennomførte tiltak kan nemnast etablering av ressursteam for barnehage og skule, auka kapasitet til rettleiing hjå PPT.

Gjennom prosjekt og systemtiltak er det behov for å arbeide tett saman med barnehage og skule for å følgje opp utviklinga til barn i barnehage og elevar i skulen. Av forskning veit vi at særleg viktig er språkutviklinga i barnehagen og den første lese- og skriveopplæringa i grunnskulen.

Lindås kommune har gjennom Kvalitetsplanen prioritert midlar til Tidleg innsats i barnehagen og vil her ha fokus på språkstimulering og lese- skrivestimulerande aktivitetar. Barn som kjem til skulen med eit godt språk, er betre lesarar gjennom heile skuleløpet enn dei som startar med eit svakt utvikla språk. Samanhengen blir sterkare i løpet av skuleåra (Aukrust 2005).

Vidare arbeid med spesialundervisning

- Vidareutvikling av arbeidet i ressursteama på skulane i samarbeid med PPT
 - Oppstart av prosjektet: Styrking av den ordinære opplæringa.
- Resultatmåla som skissert i prosjektpånen er:
- Auka meistring, læring og trivsel innafor klassen, ved at den ordinære opplæringa er meir romsleg og inkluderande med fokus på læring gjennom aktivitet.
 - Lindås kommune har heilskapleg oversyn over tiltak/innsatsane/fagområda, styrke, utfordringar og behov i høve til tenestetilbodet innafor opplæringsektoren. Oversynet dannar utgangspunkt for prioriteringar, tiltak og rutineskildringar i utarbeidd handlingsplan for *Styrking av ordinær opplæring*.
 - Denne skal visa systemkrav, rutinar for oppfølging og samarbeid i høve barnehage/skule/skuleeigar/PPT og skal vera eit virkemiddel for kvalitet, kompetanse- og organisasjonsutvikling med eit førebyggjande og Tidleg innsats perspektiv.
- Gjennom kommunen sitt kvalitetsvurderingssystem for grunnskulen har ein mellom anna fokus på kartleggings- og læringsresultat. Skuleeigar vil gjennom dette prosjektet arbeide saman med skulane om kultivering av praksis som bidrar til auka tilpassa opplæring. Dette skal igjen føre til reduksjon av spesialundervisning i grunnskulen.

7. System for oppfølging (internkontroll)

7.1. Kvalitetssystemet i Lindås kommune


System for oppfølging av kvalitetsarbeidet i grunnskulen i Lindås er bygd opp kring:

1. Lov, regelverk og læreplan for Kunnskapsløftet (K-06)
2. Kommunale plandokument
 - a. Kvalitetsplan for oppvekst
 - b. Verksemdsplan for grunnskulen i Lindås
 - c. Verksemdsplan ved den einskilde skule
3. Utviklingsplanar for grunnskulen i Lindås
 - a. Strategisk plan for grunnskulen i Lindås
4. Retningslinjer for grunnskulen i Lindås
 - a. Forskrift om ordensreglement
 - b. Systematisk arbeid med elevane sitt skulemiljø
 - c. Vurdering for læring
 - d. Opplæring av minoritetsspråklege
 - e. Elevpermisjonar
 - f. Overgang barnehage-skule
 - g. Overgang barneskule-ungdomsskule
5. Innhenting av informasjon
 - a. Nasjonalt kvalitetsvurderingssystem
 - b. Brukarundersøkingar
 - c. KiS – Kvalitetsvurdering i skulen
 - d. Dialog
6. Faglege nettverk og møteplassar
 - a. Rektor – og skuleleiarmøte
 - b. Ressursteam
 - c. Plangruppe
 - d. Ikt-nettverk
7. Rapport
 - a. Budsjett
 - b. Årsmelding
 - c. Verksemdsplan
 - d. Tilstandsrapport

7.2. Modell for analyse, refleksjon og dialog om kvalitetsutvikling i skulen (KiS):

For endring og utvilg av opplæringa i grunnskulen i Lindås legg ein vekt på ein prosessorientert strategi, der kunnskapsutvikling og dialog på og mellom alle nivå i organisasjonen skal stå sentralt i arbeidet.

Modellen for Kvalitetsutvikling i skulen (KiS) blir nytta som metode og verktøy for utvikling av vurderingskompetansen i organisasjonen. KiS tar utgangspunkt i eit konkret undervisningsopplegg som blir planlagt og gjennomført av lærarane. Dette danner grunnlaget for ein dialog om pedagogisk praksis. I dialogen involverer ein elevlar, føresette, lærarar, lærarteaml,leing og skuleeigar.



Modellen si sterke side er at læringa i alle ledd går begge vegar, og at ein gjennom denne metoden kan utvikle ein samanhengande vurderingspraksis på alle nivå i organisasjonen. Modellen tek høgde for både "å telje og fortelje".

Dei årlege kvalitetssamtalane er sentrale i arbeidet med vurdering av kvalitetsutviklinga på skulane i Lindås. Kvalitetssamtalane er eit møte mellom skuleeigar (kommunalsjef og einingsleiar) og representantar frå skulen (leiing, lærarar, elevråd og FAU). Samtalane er godt førebudd av alle som tek del, i møtet er det gode prosessar og vi legg vekt på eit godt etterarbeid. Kvalitetssamtalane bidreg til gode refleksjonar og drøftingar rundt læringsarbeidet og legg eit godt grunnlag for vidare arbeid med utvikling av læringsmiljø og læringsresultat på skulane og i kommunen. Det vert laga referat frå kvalitetssamtalane som femner om resultat, vurderingar, nye mål og oppfølging (tiltak). Einingsleiar skal ha oppfølgingssamtale med rektor eit halvt år etter kvalitetssamtalen på skulen

8. Skulane sine satsingsområde

Skulane sine satsingsområde skuleåret 2016-17:

Alversund:	Vurdering for læring. Lesing som grunnleggjande dugleik (LeseLos). Det førebyggjande skulemiljøet (DUÅ). Lokalt arbeid med læreplanar og innføring av verkty (VismaFlyt og Sampro).
Eikanger:	Leselos, læringsmiljø og vurdering for læring. I tillegg skal vi ha ekstra «trykk» på Dysleksivenleg skule.
Kløvheim:	Leselos. Framtidas skule. Sosial kompetanse med utgangspunkt i DUÅ og månadlege sosiale kompetansemål, IKT
Knarvik b:	LeseLos. Læringsmiljø og digitale ferdigheiter (elektroniske tavler) + utforming av ny skule
Leiknes:	Læringsmiljø og Vurdering for læring
Lindås b:	Vurdering for læring. LeseLos. Sosial kompetanse.
Myking:	Lokalt læreplanarbeid. Vurdering for læring/elevmapper og system for oppfølging av elevane si læring. Mobbefri skule-opl. kap 9.a-. Uteskule/aktivitetsskule. Trafikksikker skule. Grunnleggjande ferdigheiter i alle fag med vekt på lesing og digital kompetanse
Ostereidet b:	Dei utulege åra (DUÅ) og vidareføring av LeseLos
Seim:	LeseLos. Styrking av ordinær undervisning og spesialundervisning gjennom systematisk arbeid i Ressursteam. Læringsmiljø. Vurdering for læring
Lindås u:	Ungdomstrinn i utvikling: Motivasjon, meistring og dybdelæring
Knarvik u:	Ungdomstrinn i utvikling: Matematikk og Vurdering
Ostereidet u:	Ungdomstrinn i utvikling – Klasseleiing

9. Vidareutdanning

Utvikling siste åra

Lindås kommune har satsa sterkt på vidareutdanning av lærarar, og har sidan skuleåret 2012/13 og til og med skuleåret 2015/16 hatt 42 lærarar på vidareutdanning. Vidareutdanninga femner om faga norsk, matematikk, lesing, rekning, engelsk, andrespråksdidaktikk, spansk og naturfag.

Skuleeigar sine prioriteringar er grunngeve i skulane sine kompetansebehov, prioriteringar som er drøfta med utdanningsorganisasjonane og tal plassar ein kan tilrå kvart skuleår. Det er eit aukande tal lærarar som søker vidareutdanning, og grunna endring i finansiering frå staten samt fag det er behov for å auke lærarane sin kompetanse i, er det også eit aukande tal lærarar som har fått tilbod om vidareutdanning dei siste åra.

Tal lærarar som fullfører vidareutdanninga er også så godt som 100 %.

Eigenvurdering

Tilbod om vidareutdanning er ein viktig motivasjonsfaktor for tilsette i skulen, og det er gledeleg å erfare at tal søkjarar til denne ordninga er jamt over god. Med nye kompetansekrav for å undervise i skulen, er det viktig at skuleeigar kan leggje til rette for kompetanseheving.

10. Vaksenopplæring

Lindås kommune tilbyr norskundervisning til vaksne innvandarar og grunnskuleundervisning for vaksne i lokaler i Knarvik senter. Alle over grunskulealder vert rekna som vaksne i denne samanhengen. I tillegg til innbyggjarar i Lindås kjøper nabokommunane våre undervisning til sine vaksne innvandrarar med rett og/eller plikt til opplæring.

Lindås vaksenopplæring har både dag og kveldsundervisning.

10.1. Grunnskule for vaksne (eksamensretta)

Elevane har 30 skuletimar i veka, og dei har opplæring i 5 fag (norsk, engelsk, matematikk, naturfag og samfunnsfag). Målet er å gjennomføre ungdomsskulepensum på to år.

Eigenvurdering

12 elevar var oppe til grunnskuleeksamen våren 2016. Dei kom opp i norsk skriftleg og matematikk munnleg og norsk munnleg. Resultatet for skriftleg eksamen var under middels. Resultatet for munnleg var mykje betre. To av elevane fekk karakteren 6, ein i matematikk og ein i norsk. Vi ser ei auke i tal elevar i grunnskulen, då det kjem fleire til landet med liten skulebakgrunn.

10.2. Norskopplæring for vaksne innvandrarak

Denne gruppa kan delast inn i elevar med rett og plikt, berre plikt eller berre rett til norskopplæring (introduksjonsdeltakarar, sameinte med familien og spesialistar).

I tillegg har vi arbeidsinnvandrarak, som ikkje har rett til gratis opplæring, men må betale for opplæringa sjølve.

Eigenvurdering

Ein kan sjå ein tendens der det vert færre arbeidsinnvandrarak som kjem for å få norskopplæring, og det vert fleire flyktningar (introduksjonsdeltakarar). Det vert færre elevar på kveldstid og fleire på dagtid. Ein kan og sjå ei auke i Spor 1 og Spor 2 elevar (elevar med lite skulebakgrunn).

10.3. Elevtal fordelt på kommunar og type opplæring

Kommune	HAUST 2015			VÅR 2016		
	NORSK	GRUNNSKULE		NORSK	GRUNNSKULE	
		Gr.sk.	*Gr.fh		Gr.sk.	*Gr.fh.
Lindås	92	11	4	90	11	3
Meland	63	2		57	2	1
Radøy	39	6		48	6	
Austrheim	2	5		7	5	
Modalen	2			2		
Masfjorden	4			1		
Gulen	1			2		
Totalt	203	24	4	207	24	4

*Gr.fh tyder Grunnleggjande ferdigheiter

Når det gjeld norskopplæring er det ikkje gjort skilje mellom elevar med rett og plikt, introduksjonsdeltakarar og arbeidsinnvandrarak. Heller ikkje undervisning på dagtid og kveldstid.

Med grunnskule er her meint eksamensretta grunnskule (ungdomsskule – 5 fag).

Dei 4 elevane i grunnleggande ferdigheiter har fått noko opplæring i basisdugleik (kvardagsmatematikk og ikt), men har det meste av tida vore saman med andre norskgrupper.

10.4. Norskprøvane

Vaksenopplæringa arrangerer norskprøvane to gonger i året for heile Nordhordland og Gulen, i november/desember og mai/juni.

Prøvane er på nivå A1 – A2 / A2 – B1 / B1 – B2. Dei er både munnlege og skriftlege. Dei skriftlege prøvane er digitale (lytt, les og skriv).

	HAUST 2015	VÅR 2016
A1 – A2	4 kandidatar	8 kandidatar
A2 – B1	25 kandidatar	41 kandidatar
B1 – B2	8 kandidatar	11 kandidatar
munneg	42 kandidatar	56 kandidatar
	79	116

I tillegg er vi og med i pilotering av nye prøver kvart semester for VOX – Nasjonalt fagorgan for kompetansepolitikk underlagt Kunnskapsdepartementet

10.5. 50-timar samfunnskunnskap på eit språk deltakarane meistrar godt

Vaksenopplæringa arrangerer kurs i 50-timer samfunnskunnskap på engelsk kvart skuleår. Skuleåret 15 /16 var dei fleste kursdagane laurdagar i haustsemesteret. Dei som hadde trong for kurs på andre språk fekk kurs på Nygård skule i Bergen.

Samfunnskunnskapsprøva vart arrangert i Knarvik (alle språk).

10.6. Realkompetansevurdering

Lindås Vaksenopplæring har ansvar for realkompetansevurdering (grunnskule) i Nordhordland, men har foreløpig ikkje realkompetansevurdert nokon deltakar.

Planleggingsdagen for personalet den 5. februar vart brukt til å jobbe med realkompetansevurdering.

11. Konklusjon

Skulane i Lindås har arbeidd godt i forhold til målsetjingane som kjem til uttrykk gjennom lov, reglar og planverk og ut frå endringar i rammer for lærarårsverk året 2015-16. Ved hjelp av systematisk arbeid på skulenivå, skulering av skuleleiarar og godt lærarar-elev og skule-foreldre samarbeid, har kommunen fått betre score på indeksane som gjeld læringsmiljø på barnetrinnet. Det skjuler seg mykje godt arbeid og mange fine historier bak den relativt vesle framgangen.

Skuleåret 2015-16 har det vore arbeidd ekstra for å følgje opp elevane sine rettar etter Kap 9a -1 og 3 i opplæringslova. Skulane ved rektor reagerer kjapt, fattar vedtak og set inn tiltak utan ugrunna opphald når barn/ungdom eller foreldre melder frå om at nokon ikkje trivst, er redd, vert krenka/mobba, er einsam eller anna. Dette arbeidet viser ikkje att på nokon av måleindikatorane, men det tel mykje for dei det gjeld.

Skulen skal ha både eit individuelt og eit samfunnsretta perspektiv. Lindåsskulane si satsing på å lære elevane å bli medvitne og kreative borgarar som tek aktivt del i samfunnet, kjem til uttrykk blant anna gjennom skulesamlingar med program, foreldrekveldar, musikalar, trafikksekringskveldar, elevbedrifter, valfaget: Innsats for andre, og gjennom deltaking i prosjekt og konkurransar. Lokalavisene er flinke å dekke det som går utover skuletida, og det kjennest godt for både elevane, dei tilsette, foreldre og skuleeigar med positive oppslag i media.

Det området Lindås har som mål å betra spesielt i åra som kjem, er læringsutbytte til kvar elev. Skulane er ikkje nøgde med resultata slik dei framstår i kapittel 3, sjølv om der er ein liten framgang. Læring er hovudoppgåva til skulane og vert arbeidd hardt og seriøst med kvart år. Gjennom dei iversette tiltaka LeseLos og ressursteam opplever vi at vi er på rett veg.

Hovudsatsingsområdet til Lindåsskulen dei neste åra vil altså vera betre læringsutbytte på individnivå gjennom strukturert arbeid og oppfølging av resultat på kvar skule, støtta av PPT og staben under oppvekst. Auka kapasitet i staben for å følgje opp resultat og vedtak og for å arbeide saman med skulane og lærarane, er eit av tiltaka for å nå målet.

Prosjektet «Styrking av ordinær opplæring» som er nemnt under vidare arbeid i kapittel 2, 4, og 6 og som inneber god tilpassing for den enkelte elev ut frå kartlagte behov, vil gjelda frå 2017 til 2020